

KRONIKK & DEBATT

KRONIKK:

E-post:
kronikk@klassekampen.no
Maks 6000 teikn inkludert
mellomrom. Legg ved
portrettfoto.

DEBATT:

E-post:
debatt@klassekampen.no
Innlegg over 3000 teikn kan
bli korta ned. Legg ved
portrettfoto.



Tollef Mjaugedal
tollefm@klassekampen.no
Kronikk- og debattredaktør.

Eivind Trædal
eivindt@klassekampen.no
Redaksjonssekretær

Klassekampen honorerer normalt ikkje innsendt stoff. Innsendaren si e-postadresse blir trykt med mindre innsendaren reserverer seg mot dette. For Klassekampen sine generelle vilkår for publisering, sjå www.klassekampen.no/KK/index.php/news/home/generelle_vilkar

DEBATT ►

Oppskaleringa av verdas jordbruk aukar på – men motstanden veks også.

Meir, større og færre



Bjørn Egil Flø
KRONIKK

I det eg køyrer ut porten ser eg Hugh i bakspegelen, han har funne ei skåk å stø seg på og vinkar med venstrehanden før han snur og vender attende til arbeidet. Den 56 år gamle mjølkebonden frå South Witham i Lincolnshire i Midt-England har arbeida hardt siste året og tyktes vere sliten. Sidan planane frå Nocton Dairy Ltd. om å etablere supermjølkebruket på 8100 mjølkekyr vart kjent, har han saman med andre frivillige i lokalsamfunnet organisert den lokale motstanden.

Dei hadde leiinga ved pause, og Nocton Dairy Ltd. laut trekkje søknaden sin i mars 2010 som fylgje av omfattande motstand, men no er andre omgang sparka i gong og søknaden er på ny lagt på bordet. Eg hadde ei sterk kjensle av at Hugh frykta han vil kome til å tape denne omgangen.

Likevel tviheld han på vona om at framveksten av denne typen intensiv husdyrproduksjon vil skape opningar i marknaden for slike som han. Han tviheld på vona om at forbrukarane skal vende ryggen til fabrikklandbruket og få auka interesse for mindre og meir tradisjonelt jordbruk.

Eg tenker på vona hans, eg tenker på liten han set til marknaden og den medvitne forbrukaren, eg tenker på det han hadde sagt om kyllingproduksjon – at det var «vondskap sett i system». Kanskje har han rett, men likevel er det det dei vil ha til salaten sin på fortauskafeane i London vest.

Eg kjenner eg tvilar på marknaden, eg tvilar på at den har moraliserande kraft nok til å berge Hugh og hans likesinna. Eg tvilar på at forbrukarane har kraft og politisk sjølvmedvit nok til å skape denne typen endringar. Eg veit berre at marknaden har ført oss dit me er og eg tenker at dette er komplisert. Det er innflokke system som sjølv me som har betalt for å studere det, eigentleg ikkje forstår. For i takt med velstandsauken stig etterspurnaden etter høgverdig protein i verda. Pandaen i aust har gått lei bambus, han vil ete som oss. Kina har meir enn dobla inntaket av protein dei siste åra, og nærmar seg Vesten. Samstundes svingtar avlingane fleire stader i verda. Berre i Australia reduserte tørken risavlingane med



PARADOKS: Ei rekkje studiar viser at mindre gardar er meir produktive, skriv Bjørn Egil Flø. Her kyr i Argentina.

FOTO: REUTERS/SCANPIX

opp til 98 prosent i 2008, og i år vaskar flommen maten til havs.

Men i hovudstadene sit landbruks-politikarane og aktivt ignorerer sjølvmondsratar som veks i takt med utarminga av matjorda. Også Konti-

«Det politiske argumentet kan oppsummerast med eitt ord: Klima»

mental-Europa og Midtvesten i USA er køyrde på felgen, jordkvaliteten her er fleire stader så låg at ein lyt tilføre meir energi enn ein greier å få ut av jorda. Like fullt subsidierer me

bøndene for å konvertere frå matproduksjon til energiproduksjon, og det politiske argumentet kan oppsummerast med eitt ord: Klima.

Me snakkar oppskaleringa fram. Kvar gong me nemner klimaendring, folketalsauke og matvareknappleik, legg me enno ei skuffe kol under kjelen åt agrobussinesselskapa, me bidreg til å skru opp jordprisane og kitlar spekulantane under haka. Argumentet om at verda treng mat er einast eit argument til fordel for auka intensitet og større bruk. Logikken er

enkel, vil me ha meir mat må me produsere meir, skal me produsere meir må me verte meir effektive, skal me verte meir effektive må me verte større, skal me verte større må me verte færre – slik må det vere, for det er slik me har lært å forstå det.

Aktivt ignorerer me kva Nobel økonomen Amartya Sen har prøvd å lære oss i snart ein mannsalder no: «... avlinga per dekar jord er omvendt proporsjonalt med gardens storleik», altså dess mindre dei er, dess større er avlinga. Ei heil rekkje empiriske studiar frå land som India, Pakistan, Thailand, Java, Brasil, Paraguay og ei rekkje med andre land, stadfestar Sen sin teori. Mellom anna rapporterer Fátma Gul Unal (2008), frå The Levy Economics Institute ved Bard College at Simon's Rock, at produktiviteten på tyrkiske bruk mindre enn 100 mål er 20 gongar meir produktive per mål enn bruk på 1000 mål eller meir.

Då er det samstundes ei gåte at FN's organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) i sin profil av nettopp Tyrkia hevdar at som fylgje av landets småbruksstruktur vil «... produksjonen halde seg lav». Også OECD heng seg på den same systematiske løgna, når dei i sin Economic Surveys 2006: Turkey, hevdar at «det er påtrengande å få stogga fragmenteringa av jordbruksareal for å auke produktiviteten». Ingen av desse politiske autoritetane refererer til eitt einaste empirisk prov som kan støtte deira analyser.

Motstanden mot det oppskalerte jordbruket veks kring om i verda. På New Zealand var det den grønne tidsånda som formeleg tvinga miljøvernminister Nick Smith til å gripe inn og stogge det planlagde «terrabruket» på 21.000 mjølkekyr som ville ha vore det definitive brotet med førestellinga om eit «Clean and Green» landbruk på stillehavsøya.

Og her i Lincolnshire lyt altså Nocton Dairy Ltd. møte kritikken frå grupperingar som «Cows belong in Fields», ei gruppering som vaks fram som ein reaksjon på den famøse utsegnen til ein av investorane om at nettopp «cows do not belong in fields». Det var som å stikke fyr på bensin; bønder og dyrevernavtivistar, lokalbefolkning og politikarar var alle samde om at ein stad går grensa. Men bensin brenn fort ut, og no er planane på ny lagt på bordet – rett nok er det noko nedjustert – men det vil uansett vere enno eit tårn i oppskaleringa av verdas jordbruk.

Bjørn Egil Flø,
forskar, Norsk senter
for Bygdeforskning
bjorn.flø@bygdeforskning.no